



Statens Vegvesen Region vest  
6861 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/68 - 17/29343

Saksbehandlar:  
Rune Kilen  
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:  
11.10.2017

## Svar på høyring - framlegg til omklassifisering av del av fv. 396 og del av fv. 397 i Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 10.08.2017 med referanse 17/31503-4 og synfaringa som Lindås kommune hadde i lag med Statens vegvesen den 5. april 2017. Vi har også nylig hatt dialog med Dykkar Øyvind Pedersen når det gjeld sal av Sævrås kai. Slik vi har forstått det så er det private aktørar som er interessert i å kjøpe sjølve kaia. Så vårt svar vil vere tosidig; omklassifiseringa og sal av kaia.

### Omklassifisering av del av Fv396 og del av Fv 397.

Vi har gått gjennom rapporten frå synfaringa og ser at merknadane stemmer med våre notater, og kan bekrefte at vi vil overta nemnde vegstrekningar når utbetningsarbeidet er gjort.

### Sal av Sævrås kai

Utdrag av overtakingsrapporten:

Det vart omtala at dersom vegen blir omklassifisert, bør han gå slik at den eksisterande kommunale vegen (1197) blir ei forlenging av denne. I området der desse vegane møtes, bør det setjast av areal med snumoglegheit for buss/brøytebil osv. Busskur som i dag står nede på kaiområdet må flyttast opp til snuarealet (sjå punkt 2 på kart).

Denne omtala var med utgangspunkt at kaia ikkje var ein del av overtakinga. Vi har nyleg hatt ein dialog med Øyvind Pedersen om ein mogeleg overtaking av Sævrås kai og har vorte kjent med vilkåra for sal av nedlagte ferjekaiar på fylkesvegar, der eit av vilkåra er at kommunen tilbys kaia viss vegen ned til kaia vert kommunal, og at evt inntektene frå salet skal nyttast til miljø- og trafikksikringstiltak på riks- og fylkesvegar i kommunen, jfr arkivsak 200002612-2 ( Hordaland fylkeskommune ).

Vi ser at Lindås kommune har behov for ein strategisk plassert kai som er mogeleg å nytte til lassing og lossing av grus/asfalt/utstyr og som er open for årmeinta. Kommunen er difor interessert i overtaking av



kaia under forutsetnad av at kaia heldt ein bra teknisk standard og utan skjulte skadar. Lindås kommune ber om at tilstandsrapport for kaikonstruksjonen vert oversendt til underteikna.

Med helsing

Atle Dingen  
einingsleiar

Rune Kilen  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Atle Dingen  
Hogne Haugsdal

**Mottakarar:**

Statens Vegvesen Region vest

6861

LEIKANGER